

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegne av SV, A, Krf og SP fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 1.

Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstedarrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner *det er svært uheldig at utskilling blir satt som eit absolutt krav for norske bompengeselskap. Norske bomselskaper bør kunne organisere utstederverksemda på like vilkår som våre europeiske «konkurrenter». Derfor bør utstederverksemda også kunne organiserast i eit datterselskap heileigd av det regionale bompengeselskapet.»*

### Røysting

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga pkt.1. Innstillinga pkt. 2 til 4 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstedarrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner det er svært uheldig at utskilling blir satt som eit absolutt krav for norske bompengeselskap. Norske bomselskaper bør kunne organisere utstederverksemda på like vilkår som våre europeiske «konkurrenter». Derfor bør utstederverksemda også kunne organiserast i eit datterselskap heileigd av det regionale bompengeselskapet.
2. Hordaland fylkeskommune er uroa over at reforma kan føre til auka kostnader til administrasjon av bompengar, og ber om at dei økonomiske konsekvensane av reforma vert vurdert nærare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør også vere eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband som ferjesamband.
3. Forskrifta må avklare nærare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
4. Hordaland fylkeskommune anmodar om at fristen for iverksetjinga av forskrifta og krav om tidspunkt for når utstedarfunksjonen blir avvikla blir forlenga slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og utstedarselskap kan få tid til å etablere seg.